



INDRE AGDER OG TELEMARK AVFALLSSELSKAP IKS
Haugsjåsund 132
3855 Treungen

Sakshandsamar:
Malén Kårstad

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Langmoen Avfallsanlegg - deponi

Kontrollnummer: 2023.218.I.SFVT

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Roar Karlsen
Geir Tveiten

Frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:

Malén Kårstad
Trine Bull-Hansen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Langmoen avfallsanlegg den 03.10.2023.

Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at de har mottatt rapporten.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark avdekkja 4 avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda hadde mangelfull internkontroll.
- Kompostert avsulaupsslam med ein TOC på 25 % blei lagt på deponiet som dekkmasse.
- Mottakskontrollen er mangelfull.
- Slam har blitt lagra i lagune i meir enn eitt år.

Merknader:

- Verksemda bør kartfeste dei ulike deponicellene på kart med GPS – punkter.
- Asbest var ikkje tilstrekkeleg tildekt enkelte stader under tilsynet.
- Verksemda bør overvake nærliggande overflatevatn som potensielt kan bli påverka av drifta til verksemda.
- Verksemda bør overvake nærliggande overflatevatn, og bør ha eit målepunkt oppstraums deponiet.

Avvik og merknader er nærmere omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærmere omtalt på side 4.

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: INDRE AGDER OG TELEMARK AVFALLSSELSKAP IKS

Organisasjonsnr.: 977503876

Eigd av: 977500303

Bransjenr. (NACE-kode): 38.210 - Behandling og disponering av ikke-farlig avfall

Kontrollert eining

Namn: Langmoen Avfallsanlegg	Anleggsnr.: 3822.0008.01
Kommune: Nissedal	Fylke: Vestfold og Telemark
Anleggsaktivitet: Deponi for ordinært avfall	
Løye gitt: 24.06.2009	Sist endra: 15.03.2017

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overholdne. Inspeksjonen vert gjennomført for å følgje opp melding om spesielle hendingar.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Avfall
- Utslepp til vatn
- Mottakskontroll
- Sigevasshandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Langmoen Avfallsanlegg pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Langmoen Avfallsanlegg **innan 01.02.2024** sender ei skriftleg utgjeing som viser korleis avvika er retta.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvtpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark v/Malén Kårstad.

4. Varsel om gebyr

Statsforvaltaren varsler at vi vil fatte vedtak om gebyr for den gjennomførte kontrollen. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebrysatsar for kontroll hjå verksemder er fastsett i forureiningsforskrifta § 39-7 og 39-8. Vi varsler derfor at vi i samsvar med forvaltningslova § 16, reknar med å fastsette gebrysats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Dette betyr i så fall at de skal betale kr. 37 400,- i gebyr for kontrollen.

De har høve til å kome med merknadar til dette varselet, jf. § 16 i forvaltningslova.

Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1:

Verksemda hadde mangelfull internkontroll.

Avvik frå:

- Løyvet 2009.0255.T vilkår 2.3.
- Internkontrollforskrifta §5 andre ledd, punkt 6, 7 og 8.

Kommentarar:

Internkontroll: IATA plikter å ha ein internkontroll som skal sikre at verksemda ikkje bryt lover, forskrifter og løyvet. Samstundes plikter dei til å halde internkontrollen oppdatert slik at den samsvarar med dagens drift ved å foreta systematisk overvaking og gjennomgang av den. Dette skal vere skriftleg dokumentert. Internkontrollen skal innehalde rutinane for å avdekkje, retta opp og førebyggje brot på krav satt i lover, forskrifter og løyvet. Følgjande observasjonar kom fram av tilsynet:

- Internkontroll var ikkje oppdatert sidan 2015, og verksemda kunne ikkje skildre og dokumentere korleis dei tar føre seg ein systematisk gjennomgang av internkontrollen for å avdekke om det var behov for justeringar.

Miljørisikoanalyse med tilhøyrande tiltaksplanar: IATA skal kartleggje farar og problem ved verksemda som kan vere til fare for det ytre miljøet. På bakgrunn av kartlegginga skal dette danne eit grunnlag for ei miljørisikovurdering over kva risiko drifta til verksemda kan ha for ytre miljø. Verksemda plikter å utarbeide ein tilhøyrande tiltaksplanar for å redusere risikohøva som er lista opp i miljørisikovurderinga. Miljørisikovurderinga med tilhøyrande tiltaksplanar skal oppdaterast jamleg for å sikre at den samsvarer med drifta til verksemda. Dette skal vere skriftleg dokumentert. Følgjande observasjonar kom fram av tilsynet:

- Miljørisikovurdering var mangefull og hadde ikkje blitt oppdatert sidan 2015. I eksisterande miljørisikovurdering hadde verksemda hovudsakleg vurdert risiko i høve til biogassanlegget, medan risikovurdering for deponi var mangefull. Verksemda hadde ikkje vurdert risiko i høve til klimatiske påverknadar, nærliggande resipient med meir.

Avvikssystem: IATA plikter å ha eit avvikssystem som er tilpassa verksemdas drift med tilhøyrande rutinar på kva som skal anses å vere eit avvik hjå verksemda, korleis følgje opp og når avviket skal avsluttast. Ansvarleg for avvikssystemet skal sjå til at desse rutinane nyttast av dei tilsette i verksemda i den daglege drifta til anlegget. Følgjande observasjonar kom fram av tilsynet:

- Verksemda hadde ikkje eit avvikssystem. Under tilsynet kom det fram at verksemda hadde ein perm der dei registrerte avvik. Verksemda dokumenterte avviket med bilet og sendte dette til kunde på e-post. Avvika som var registrert var i høve til innlevert avfall til avfallsstasjonen, og det blei sagt under tilsynet at dei aldri hadde registrert avvik i høve til deponiet.
- Det blei ikkje framlagt under tilsynet skriftlege prosedyrar/rutinar for korleis verksemda skal handtere ulike avvik, og korleis ein skal rette opp og lukke avvik.
- Verksemda hadde heller ikkje ein skriftlege oversikt over kva som skal vere definert som avvik.
- Verksemda mangla skriftlege rutinar for å sikre at dei tilsette skal bruke avvikssystemet.

Avvik 2

Kompostert avlaupsslam med ein TOC på 25 % blei lagt på deponiet som dekkmasse.

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta § 9-4, første ledd a.
- Løyvet 2009.0255.T, vilkår 3.3.

Kommentar:

Det er forbod mot å deponere biologisk nedbrytbart avfall som overstig 10 % TOC. Det er likevel lov å deponere avlaupsslam som ikkje tilfredsstiller kvalitetskrava i gjødselsvareforskrifta.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

- Under tilsynet etterspurde Statsforvaltaren basiskarakteriseringa av kompostert avlaupsslam som blei nytta til dekkmasse på deponiet. Der kom det fram at

avlaupsslammet hadde ein TOC på 25 %, og tilfredsstiller kvalitetsklasse II i gjødselvareforskrifta, og er derfor forbode å deponere. Verksemda påpeikte under tilsynet at dei hadde store problem med å selje avlaupsslammet vidare ettersom det ikkje var marknad for eit slikt produkt i området. Derfor blei avlaupsslammet nyttå som dekkmasse på deponiet.

Avvik 3

Mottakskontrollen er mangefull.

Avvik frå:

- Løyvet 2009.0255.T, vilkår 3.3 og 5.
- Avfallsforskriften § 9-11 første og andre ledd, jf. vedlegg II.

Kommentar:

Driftsansvarleg ved deponiet pliktar å drive etter mottaksriteria som framgår av vedlegg II, jf. § 9-11 første og andre ledd og vilkår i løyve. Driftsansvarleg skal oppbevare eit eksemplar av samandrag av basiskarakteriseringar for alt innlevert avfall som skal deponerast i eit deponi. Dette skal oppbevarast i heile levetida til deponiet, inkludert i etterdriftsfasen. Verifikasjon av avfall som oppstår jamleg, skal gjennomførast minst éin gang per år eller hyppigare viss det framgår av basiskarakteriseringa.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

- Verksemda har ikkje sørga for naudsnyt dokumentasjon av slam lagt i lagune. Eit samandrag av basiskarakteriseringa av desse massane kunne ikkje framleggjast under tilsynet eller ettersendast. Slammet har dessutan gjennom fleire år blitt innrapportert til forureiningsmynda som slam frå oljeutskiljarar, men verksemda meinte dette er slam frå sandfang henta frå vaskehallar og andre bilverkstadar. Ifølgje verksemda var det mest truleg ikkje mogleg å registrere dette som slam frå sandfang. Ein basiskarakterisering skal gje nødvendige opplysningar om desse massane.
- Verksemda har sjølv basiskarakterisert gipsavfall, men karakteriseringa vart gjennomført utan tilstrekkeleg dokumentasjon. Gipsavfall blei basiskarakterisert som inert avfall og registrert som deponert på deponi for inert avfall. Langmoen er eit deponi for ordinært avfall klasse 2, og gips er ikkje inert avfall.
- Eit samandrag av basiskarakterisering av botnasker frå Returkraft kunne ikkje framvisast under tilsynet. Verifikasjonsrapport datert 23.5.2022 blei ettersend til Statsforvaltaren. Det framgår ikkje entydig av verifikasjonsrapporten om botnaska blir klassifisert som farleg avfall eller ordinært avfall. Verksemda kunne ikkje legge fram konkrete vurderingar av korleis klassifisering av mottatt botnasker blir verifisert.

Avvik 4

Slam har blitt lagra i lagune i meir enn eitt år.

Avvik frå:

- Løyvet 2009.0255.T. vilkår 4, andre ledd.
- Avfallsforskrifta §9-2, andre ledd.

Kommentarar:

Lagringstida for avfall som skal til sluttbehandling skal ikkje overstige eitt år, medan avfall som går til gjenvinning eller behandling skal ikkje lagrast meir enn tre år.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

- Det kom fram under tilsynet at verksemda har lagra slam i lagunar i meir enn eitt år. Sist gong verksemda innrapporterte at dei hadde motteke denne typen slam var i 2021.
- Under synfaringa av slamlagunene kom det fram at verksemda ikkje hadde tenkt å tømme lagunen før slam før den var full ettersom lagunen hadde stor kapasitet og var omtrentleg halvfull under tilsynet.
- Det kom heller ikkje fram under tilsynet om denne lagunen hadde blitt tømt tidlegare og om massane hadde blitt deponert.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Verksemda bør kartfeste dei ulike deponicellene på kart med GPS – punkter.

Kommentarar:

Under tilsynet viste verksemda fram ein grov kartoversikt over dei ulike deponicellene med avfall. Verksemda bør ha kartfesta deponicellene med GPS – punkter, særleg deponicella for asbest. Det blei sagt under tilsynet at verksemda var i ein prosess der dei skulle kartfeste deponicellene ved å bruke GPS.

Merknad 2

Asbest var ikkje tilstrekkeleg tildekt enkelte stader under tilsynet.

Kommentar:

Under synfaringa av deponiet blei det observert at deponert asbest ikkje var tilstrekkeleg tildekt enkelte stader, og verksemda bør ha ein betre rutine for å sjekke at asbestavfall er tilstrekkeleg tildekt.

Merknad 3

Verksemda bør overvake nærliggande overflatevatn, og bør ha eit målepunkt oppstraums deponiet.

Kommentar:

Det kom fram under tilsynet at verksemda kun tek vassprøver frå grunnvassbrønnane, men at andre nærliggande resipientar ikkje blir overvaka. Samstundes var det ikkje etablert eit målepunkt oppstraums driftsområdet. Verksemda bør vurdere å overvake overflatevatn som

ligg i nærleiken av verksemda, og bør overvake oppstraums for å undersøke korleis grunnvatn og overflatevatn blir påverka av deponiet og lagunene.

8. Andre høve:

Verksemda fekk eit løyve i 2014 der IATA hadde løyve til å deponere 1000 tonn asbest årleg. Løyvet til verksemda blei igjen endra i 2017 der årleg mengde deponert asbest har blitt endra til 10 tonn. Vi ser at då dette løyvet blei gitt i 2017 skjedde det ein feil ved at Statsforvaltaren tok utgangspunkt i løyvet som blei gitt i 2009. Løyvet gitt i 2009 gav verksemda lov til å deponere 10 tonn asbest årleg, noko som blei vidareført i løyvet frå 2017. Når Statsforvaltaren gjev løyve til ei verksemrd får verksemda moglegheit til å kommentere utkast til løyvet. Verksemda kom ikkje med kommentarar på mengda asbest som står i løyvet frå 2017. I årsrapportane som verksemda har sendt inn til Statsforvaltaren ligg årleg mengde asbest deponert omrentleg på 11-14 ton. Statsforvaltaren ber verksemda om å sende inn ei førespurnad angåande kva som er realistisk mengde asbest som kan deponerast årleg.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemrd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Kopi til:

Drangedal kommune

Nissedal kommune

Nome kommune

Åmli kommune